

Til OED v Tina Bru

Kommentarar til NVE rapport nr 3/2020, Konsesjonsprosessen for vindkraft på land

Beskrivelse, utfordringer og mulige tiltak

Forfattarar: Erlend Bjerkestrand, Marte Lundsbakken, Tanja Midtsian, Anne Rogstad, Ann M. Østenby og Ane N. Ramtvedt

Om rapporten

NVE skriv i starten av rapporten:

«På oppdrag fra vassdrags- og energidirektøren i mai 2019 har en intern prosjektgruppe i NVE vurdert behovet for endringer i konsesjonsprosessen for vindkraft på land. Rapporten som nå oversendes OED er et innspill til det videre arbeidet med konsesjonsprosessen. Rapporten inneholder en beskrivelse av dagens konsesjonsprosess, drøfting av utfordringer og forslag til mulige tiltak»

Rapporten er altså formelt ikkje skriven på oppdrag av andre, men er sendt som eit innspel til OED. NVE meiner at han skal bli ein del av beslutningsgrunnlaget når no OED varslar at dei vil revidera konsesjonsbehandlinga. Konsesjonsbehandlinga er varsla gjort alt i løpet av våren, og denne rapporten blir etter alt å døma ein viktig premissleverandør.

Det er ikkje sagt at rapporten skal ut på nokon høyringsrunde. Olje- og energiministaren har fått spørsmål frå stortingsrepresentantar om dette og ho har svara at ho vil lytta til innspel, og at han ikkje treng ut på høyring før forskrifter med utgangspunkt i rapporten skal vedtakast. Dette er sterkt kritikkverdig.

Med kort frist har ho nett no invitert til munnleg høyring 11. mars (med 5 min taletid for den som har førebudd seg og har sett av tid til ein Oslotur.) Det er tydeleg at dette IKKJE skal ut på høyring til alle, – langt frå alle kjenner til denne rapporten. Han er heller ikkje sendt ut på høyring gjennom vanlege kanalar.

Me trur at vindkraftutbyggerane har venta med lengsel på ein plan som denne, slik at dei kan koma i mål med planane sine før 31-12- 2021.

Vår meining:

Rapporten er ei oppskrift på korleis vindindustrien og stortinget skal kunna nå måla sine om utbygging utan brysame innvendingar frå folket.

At folket og lokal- og regionaldemokratiet skal få avgjera eller høyrast på, er ikkje vektlagt. Rapporten legg opp til eit liksom-demokrati på sitt verste. Han fortel om korleis ein skal


skapa tillit hos folket ved informasjon og orientering. Det er utruleg at dei styrande enno ikkje kan ha fått med seg at me ikkje vil ha vindkraftutbygging og at naturen og fjella våre ikkje er til sals.

Tåkete framside – tåkelagt innhald

Framsida på rapporten viser eit skoglandskap med ein vindturbin som nærmast svevar over bakken i eit tåkelagt skoglandskap. Dette er eit bilete som ikkje illustrerer korleis vindindustriområde ser ut. Her er ingen sprengstein eller oppstillingsplass, inga vegskjering.

Biletet til høgre er betre som framsidebilete til rapporten.

Innhaldet i rapporten er også tåkelagt. Her er det formuleringar om regional og kommunal involvering, og om betre informasjon til folket og regional- og lokaldemokratiet. Ingen stader står det at det er ønskje om å høyra og ikkje minst, ta omsyn til det folket meiner! Kommunikasjonen skal berre gå eine vegen.



Tåkelagt: Framsidebiletet på rapporten tåkelegg konsekvensane av vindindustrien. Biletet til høgre er frå ei reell utbygging og ville vore meir passande.

Ei snikinnføring av nasjonal rammeplan

Ei hoveddinnvending mot rapporten er at den vidarefører konklusjonane i nasjonal ramme for vindkraft på land som premiss for konsesjonsbehandlinga, trass i at den nasjonale ramma vart skrota i 2019. Dei 5000 høyringssvara som kom til nasjonal ramme blir ikkje nevnt. NVE skriv i staden at dei vil tilrå «at analysene i forslaget til nasjonal ramme brukes som lokaliseringssignal for både utbyggere og lokale og regionale myndigheter.»

I rapporten står det at formålet er at nasjonal ramme skal vera styrande for plasseringa av anlegga, og at konklusjonane i nasjonal ramme skal danna basisen for informasjonen som blir gitt.

Her vert altså analysene og materialet i nasjonal ramme vidareført som eit innspel til OED om konsesjonsbehandlinga. Den vil lettare gå under radaren enn den nasjonale ramma gjorde, men rapporten er farlegare: NVE har til og med eit forslag om at «kunnskapsgrunnlaget» i den nasjonale ramma skal inn i forskrifts form: *«Statusen til kunnskapsgrunnlaget kan eventuelt også formaliseres, for eksempel gjennom forskrift.»*

Eit hovedproblem med nasjonal ramme, var at ein lagde eit verktøy for lokalisering av ny vindindustri, istadanfor å sjå på energisituasjonen og framtidas energibehov i ein større samanheng: Målet var å finna eigna lokalitetar, snarare enn å sjå på om det i det heile teke var behov for ei massiv vindkraftutbygging. Dette kjem også fram i NVEs rapport der ein skriv (3.7.21): *«Ønsket om sterkere styring av lokalisering av vindkraftprosjekter var et viktig grunnlag for oppdraget om å lage en nasjonal ramme for vindkraft».* Dette blir vidareført i konklusjonane til NVEs nye rapport.

Framsdebiletet illustrerer det som er konklusjonen: Vindindustrien og NVE sine interesser skal pakkast inn med ord om lokal- og regional demokrati og lovord om at kommune og fylkeskommune skal få bestemma meir. Dette vert berre «godviljeord». Avsnittet ovanfor fortel kor alvorleg styring av vindindustrien dei ønskjer å utsetja folket for!

Regionvis behandling, men sentral styring

NVE går inn for regionvis behandling av konsesjonssakene. Samstundes understrekar dei at rammeplanen skal vera eit styrande lokaliseringssignal, merk dette: *«NVE mener at økt styring av hvor vindkraftverk planlegges kan bidra til å løse sentrale utfordringer. Kartleggingene som er gjort i forbindelse med nasjonal ramme bør kunne brukes i planleggingen av lokalisering av vindkraftverk, for å redusere utfordringer i de tidlige fasene av prosessen.»*. Med slike føringar i prosessen, kva blir det då att av lokaldemokratiet?

I 3.7.23 utdjuper NVE fordelane med å bruke analysene i nasjonal ramme: *«Gode lokaliseringssignaler kan styre prosjekter til de beste stedene og unngå steder med unødige store konflikter»* og *«gi relevant informasjon for lokale og regionale myndigheter som skal planlegge arealbruk.»* Lokale og regionale myndigheiter kan altså få bestemma – så lenge dei held seg til lokaliseringssignala, som igjen er dei same som i den «skrota» rammeplanen.

Manglande gehør for innbyggjarane sine meiningar

Rapporten inneheld fleire forslag til informasjonstiltak. Det skal mellom anna utarbeidast eit felles statleg kunnskapsgrunnlag og ein felles statleg informasjonsplattform. Noko som går igjen som mål for informasjonsarbeidet, er å skapa tillit til NVE og til konsesjonsprosessen.

Derimot er det lite og ingenting om tiltak for at innbyggjarane skal bli høyrde i prosessen, og at deira innspel skal bli tekne på alvor. Og igjen skal analysane frå nasjonal ramme danna grunnlaget for den informasjonen som blir gitt.

Det står at NVE og Staten skal informera meir og betre, først og fremst «for å framskaffa tillit». Med forsøk på kamuflering, så skal vindindustrien få breia om seg, med lokaldemokratiet og folket som hjelpelause tilskodarar. At det bur folk i områda som er truga av vindindustri, er ikkje nemnt med eit einaste ord i rapporten. Folket/bebuarane er berre ein «masse» som ein lyt bruka tid på for å vinna tillit hos, som må informerast og rettleiast til sitt eige beste. Slik ønskjer NVE – med denne rapporten – at utbygginga kan koma i gang raskt og effektivt utan unaudsynt heft. Orda «skapa tillit» er svært ofte brukt, -det er tydeleg at målet ikkje er at folka faktisk skal høyrast på takast omsyn til.

Positivt med «hjemmel for tidlige avslag»

I punkt 3.7.9 foreslår rapporten ein ny lovheimel i energilova som opnar for at NVE på eit tidleg tidspunkt i behandlinga av ei sak kan gi avslag. Det er positivt. Når ein ser på kriteriane for at søknaden om konsesjon kan bli avslått, er dessverre ikkje lokaldemokratiet nemnt her heller. Her står ingenting om at søknaden kan bli avslått dersom folket ikkje vil ha vindindustrien.

I vedlegget til rapporten «*Vedlegg: Mulig opplegg for regionvis behandling av vindkraftsaker*» skriv ein «*Det kan eventuelt også gis tidlig avslag til prosjekter, når hjemmel foreligger. Mulig «veto»: Hvis både kommunen og fylkeskommunen mener prosjektet bør gis tidlig avslag, gjøres dette. Dette må imidlertid være avhengig av kriterier i lovhomelemen.*»

Men: NVEs eige forslag til lovheimel opnar ikkje for dette. Så dette vert også fine ord om demokrati, -det er ikkje mogleg for kommunane å vedta noko som går i mot lovheimel, forskrifter og signal gitt på førehand.

Tidlegare tildelte konsesjonar, basert på rapporten til Menon frå 2016

Konklusjonen frå konsultentselskapet Menon er det referert til i rapporten, der det blant anna står "*Økt kompetanse har lagt til rette for at alle som er involvert i vindkraftsøknadsprosessene gjør en bedre og grundigere jobb nå enn for noen år tilbake. I rapporten bekreftes likevel de eksterne interessentenes innvendinger om at miljøvirkningene ikke beskrives tilstrekkelig. Dette svekker beslutningsgrunnlaget for om prosjektene bør få konsesjon eller ikke.*"

Dette set jo konsesjonane som er gitt i åra før i eit dårleg lys, og sår sterk tvil om beslutningsgrunnlaget (gjer NVE ein bedre og grundigare jobb no, må dei ha gjort ein dårlegare og mindre grundig jobb tidlegare). Også i delen "Historien om elsertifikatordningen er relevant" er det passasjar som skapar tvil om beslutningsgrunnlaget: "*Ordningen ble utarbeidet slik at det var de mest lønnsomme prosjektene som ble realisert, uavhengig av teknologi og plassering.*" og: "*I alle vindkraftkonsesjonene som ble gitt etter 2012 ble det lagt stor vekt på fornybarmålet i avveiingen av fordeler og ulemper.*" Dette innrømmer altså NVE!

Det er bra å lesa at NVE har tenkt å heva kunnskapsnivået sitt vedrørande kartlegging av det biologiske mangfaldet.

Oppsummering og spørsmål

Denne rapporten er «Nasjonal ramme» som kjem snikande attende litt kamouflert og utan det farlege kartet. Han er laga på eige initiativ frå NVE, -ingen andre har gitt dei oppdraget (i alle fall ikkje formelt/skriftleg).

Den opprinnelege rammeplanen vart skrota etter at det kom inn over 5000 høyringssvar.

I praksis vart ikkje rammeplanen skrota, -det var innvendingane i høyringssvara som vart skrota. Rammeplanen med alle sine analysar og skildringar ligg framleis i systemet og brukt i denne nye rapporten. Denne gongen skal planen ikkje ut på høyring. Det har OED svara på spørsmål frå stortingsrepresentantar, -det er raskare berre å vedta! Eigentleg burde han ikkje ut på høyring i det heile teke: Han burde ha blitt skrota FØR han kom så langt, -den opprinnelege rammeplanen vart jo skrota, -denne er verre.

Me trur ikkje korkje fylket, regionar eller kommunar lar seg lura av «på liksom demokrati» - lovnadane i denne rapporten. Folket skal framleis ikkje bli høyrde. Denne gongen slepp myndigheitene å skrota høyringssvar, -det er enklast å berre bestemma! I tillegg ligg demokratiet tynt an fordi områda med gode vindressursar og delrapportar og kart eksisterer i rammeplanen, og det er grunnlaget frå rammeplanen som skal vidareførast. Attpåtil ønskjer NVE at konklusjonar i den skal forankrast i forskrifter.

Rammeplanen skal gje lokaliseringssignal i forskrifts form for dei vala fylka, regionane, kommunane skal gjera. Kva val har dei mot overmakta?

Skriftlege spørsmål til Tina Bru frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe og Ruth Grung på rapporten no i vinter er konkrete. Svara frå Tina Bru er ikkje det.

Kvifor skal ikkje folkemeininga/lokaldemokratiet høyrast på når det gjeld denne rapporten, som i praksis er «rammeplanen» i litt ny innpakning?

NVE har sendt rapporten til OED, kven har bedd om denne?

Kvifor skal ein så farleg rapport som kan få så store konsekvensar for folket som bur i planlagde vindindustri ikkje ut på ordinær og skriftleg høyring når han er verre enn forslaget til rammeplanen?

Folket vert umyndiggjort når kriteriane for å kunna avgjera om ein vil ha vindkraftutbygging i område sitt, er lagt på førehand.

Vår oppfordring er: Ordinær høyring av rapport og evt forskrifter

Med vennleg helsing
for aksjonsgruppa,

Astrid Sandvik

Sognefjordvegen 2122,
5961 Brekke
astor.sandvik@gmail.com
Tlf 94094420

Wenche Midthun

Tveitevegen 42
5966 Eivindvik
wencheirene1960@gmail.com
tlf 41618443

Anders Kjetland

Vestre Holbergsallmenningen 8
5011 Bergen
akjetland@hotmail.com
Tlf 95706862

VEDLEGG:

To brev frå ordførarane i området der dei seier tydeleg frå at dei ikkje vil ha vindindustri.